

# 2014

ÅRSRAPPORT





## Innhald

Forord .....	2
GENERELL INFORMASJON .....	4
1. Banken og verksemda .....	4
2. Viktige hendingar i 2014 .....	6
3. Finansiell kalender 2015.....	6
4. Nøkkeltal for SpareBank 1 Hallingdal Valdres.....	7
ÅRSRAPPORT .....	8
5. Årsmelding 2014 .....	8
6. Resultatrekneskap .....	24
7. Balanse per 31. desember 2014 .....	26
8. Endring i eigenkapital.....	28
9. Kontantstraumoppstilling .....	29
10. Notar til konsernrekneskapen 2014 .....	30
11. Erklæring frå styret og dagleg leiar .....	50
12. Revisjonsberetning 2014 .....	51
13. Kontrollkomiteen si årsmelding 2014.....	53
ANNA INFORMASJON .....	54
14. Hovudorganisasjon .....	54
15. Presentasjon av styret.....	55
16. Forstandarskap, kontrollkomite og revisjon .....	56

## Forord

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har tilbakelagt et fantastisk godt år både med tanke på egen virksomhet, for våre eiere og etter min vurdering også for våre kunder. Alle ansatte har stått på for å skape de gode resultatene, og det er også mange andre grunner til at konsernet er i fremgang.

Våre kunder:

- Våre bedriftskunder har opplevd en positiv utvikling i egen omsetning, kostnadsveksten er moderat og renteutgiftene er på vei nedover.
- Turiststrømmen vokser, noe som gir positive fremtidsutsikter.
- Etterspørselen etter fritidsboliger har økt. Salget for vår eiendomsmeglervirksomhet nådde "all time high" i 2014, og etterspørselen vil stimulere til igangsetting av flere nybyggingsprosjekter.
- Sysselsettingen er høy, selv om vi spesielt i Valdres har sett nedlegging av flere arbeidsplasser - men det skapes også nye.
- Investeringene fra det offentlige forventes å være høy i mange år fremover.

Våre eiere:

- Våre eiere, Sparebankstiftelsene i Hallingdal og i Øystre Slidre, er opptatt av å støtte ideelle formål innenfor idrett og kultur. Gjennom et godt utbytte fra banken får de god anledning til å øke sin virksomhet.
- Innbyggerne i Hallingdal og Øystre Slidre vil gjennom stiftelsenes aktivitet se mange konkrete resultater i form av pengegaver til lag, foreninger og arrangementer. Dette er en direkte konsekvens av å bruke våre tjenester i SpareBank 1 Hallingdal Valdres.
- Jo flere som bruker oss jo mer vil stiftelsene kunne bidra til fritidsaktiviteter og allmenntilgode formål i Hallingdal og i Valdres.

Vår virksomhet:

- Bankvirksomheten leverer god vekst på både utlån og innskudd.
- Forsikringsvirksomheten har vist en positiv utvikling.
- Eiendomsmeglervirksomheten hadde sitt beste salgsår noen sinne.
- SpareBank 1 Regnskapshuset har gjennomført en vellykket fusjon og innfasing av nye system. Selskapet er nå klar for en offensiv satsing i sitt markedsområde.

Hvorfor skal du velge SpareBank 1 Hallingdal Valdres?

Vi er et konsern som leverer produkter og tjenester innenfor bank, forsikring, eiendomsmegling og regnskap. Dette er fagområder som er integrert i hverandre både for person- og bedriftskunder. Målet er at vår samlede kompetanse og produktkunnskap skal gjøre det enklere for våre kunder, og at vi dermed fremstår som den beste leverandøren innenfor finansielle tjenester i Hallingdal og Valdres.

For å lykkes med å levere den beste kundeopplevelsen må kombinasjonen av kvalitet og pris være på plass, noe vi jobber kontinuerlig for å gjøre stadig bedre.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har god lokalkunnskap, og lokale eiere som støtter opp om lokalsamfunnet. Store deler av vårt årlige overskudd blir tilbakeført til våre eiere, SpareBankstiftelsen Hallingdal og SpareBankstiftelsen Øystre Slidre, og gjør at disse hvert år kan bidra med millionbeløp til allmennyttige formål i regionen.

**Vår visjon er å være anbefalt av kunden.  
Det får vi til gjennom å være  
engasjert og dyktig i all kontakt  
med våre kunder.**

*Knut Oscar Fleten*



# GENERELL INFORMASJON

## 1. Banken og verksemda

### Historikk

Banken har ei lang og tradisjonsrik historie som går attende til 1868. I Hallingdal har banken sitt utspring frå Aal Sparebank som vart starta i 1870 og Hemsedal Sparebank som opna i 1907. Desse bankane fusjonerte i 1999. I Valdres starta drifta med Øystre Slidre Sparebank i 1868. Øystre Slidre Sparebank vart innfusjonert i 2012.

### Visjon, verdiar og mål

Konsernet sin visjon er å vere "anbefalt av kunden" i konsernet sitt marknadsområde som er Hallingdal og Valdres. Drifta skal vere tufta på verdiane "engasjert" og "dyktig".

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal oppnå auka inntening gjennom samarbeid om kundeleveransar på tvers av konsernet sine forretningsområde. Målgruppa er alle kundar med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Sparebank er kjerneverksemda, men verdikjeda skal styrkast gjennom formidling av forsikring, eigedomsmekling, rekneskap og økonomisk rådgjeving.

Konsernet skal vere ein attraktiv og god arbeidsplass med kompetente medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring.

Den daglege drifta skal utøvast så skånsamt som mogeleg for menneske og miljø.

Konsernet har ei målsetting om å ha ein god kapitaldekning og levere gode resultat som gir eit godt utbytte til eigarane.

### Forretningsområde

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er i dag eit konsern med verksemd innafor fleire område. Sparebankverksemda er kjernen i konsernet og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar.

Konsernet driv i tillegg verksemd innafor områda rekneskapsføring, eigedomsmekling, investeringsverksemd og lokalt samfunnsengasjement. I tillegg kjem meir interne område som fellesfunksjonar og eigedomsutvikling av eigne lokale.

Desse verksemdene blir drive gjennom eigne dotterselskap som er SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS innafor rekneskapsføring. Eigedomsmekling blir drive av selskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Drift av eigedomar skjer gjennom dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedom AS og investeringar gjennom SpareBank 1 Hallingdal Invest AS.

### Marknadsområde

Konsernet sitt marknadsområde er Hallingdal og Valdres. I Hallingdal ligg tyngdepunktet i kommunane Ål, Gol og Hemsedal, medan i Valdres er tyngdepunktet i kommunane Øystre Slidre og Nord-Aurdal.

### Verksemda

Verksemda er bygd opp omkring dei lokale bankkontora samt eit kundesenter med utvida opningstider. Rådgjevinga skal vere bygd på god lokalkunnskap og høg fagleg kompetanse som gjer verksemda fleksibel og effektiv.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå sju likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol, Geilo, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

Dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS er lokalisert i Nesbyen, Flå, Gol, Hemsedal, Beitostølen, Heggenes og Fagernes. EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS er lokalisert på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

## SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen vart grunnlagt i 1996. Alliansen er eit bank- og produksamarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eit overordna mål for Alliansen er å sikre den einiskilde bank si sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurranseevne, lønsemd og soliditet. Samstundes representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå.

SpareBank 1-alliansen er samla sett ein av dei største tilbydarar av finansielle produkt og tenester i den norske marknaden. Alliansen har etablert ein nasjonal marknadsprofil og utvikla ein felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon. Den marknadsmessige plattformen danner også basis for felles produkt- og konseptutvikling. Marknadsinnsatsen er i hovudsak retta mot personmarknaden, små og mellomstore bedrifter og forbund tilknytt LO. Både bankane og produktområda hevdar seg godt i konkurransefeltet og resultatutviklinga er god.

SpareBank 1-alliansen består per 31.12.14 av 15 sjølvstendige bankar, 2 felleseigde forretningsbankar og SpareBank 1 Gruppen konsern.

Dei 15 sjølvstendige bankane i alliansen er:

- SpareBank 1 SR-Bank
- SpareBank 1 Nord-Norge
- SpareBank 1 SMN
- Sparebanken Hedmark
- samt ei samanslutning av fleire mindre sparebankar under namnet Samarbeidende Sparebanker (SamSpar);
  - SpareBank 1 BV
  - SpareBank 1 Gudbrandsdal
  - SpareBank 1 Hallingdal Valdres
  - SpareBank 1 Lom og Skjåk
  - SpareBank 1 Modum
  - SpareBank 1 Nordvest
  - SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg
  - SpareBank 1 Ringerike Hadeland
  - SpareBank 1 Søre Sunnmøre
  - SpareBank 1 Telemark
  - SpareBank 1 Østfold Akershus

Dei 2 felleseigde forretningsbankane er Bank 1 Oslo Akershus AS og BN Bank ASA.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av:

- SpareBank 1 Skadeforsikring AS (100 %)
- SpareBank 1 Forsikring AS (100 %)
- ODIN Forvaltning AS (100 %)
- SpareBank 1 Medlemskort AS (51 %)
- SpareBank 1 Gruppen Finans AS (100 %)
- Conecto AS (100 %)

Dei felles hovudfunksjonane innan SpareBank 1-alliansen er todelt:

1. Drive og utvikle finanskonsernet med produksjon og leveranse av konkurransedyktige produkt og tenester for distribusjon gjennom alliansebankane og andre bankar som har distribusjonsavtale med selskap i SpareBank 1 Gruppen og LO. Dette arbeidet er organisert i selskapet SpareBank 1 Gruppen AS, som er eigd av:
  - SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %)
  - SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %)
  - SpareBank 1 SMN (19,5 %)
  - Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %)
  - Sparebanken Hedmark (11 %)
  - Landsorganisasjonen/ fagforbund tilknytt LO (9,6 %), som ikkje er ein del av alliansen.
  - Bank 1 Oslo Akershus AS 1,4 %.
2. Drive og utvikle alliansesamarbeidet med felles forvaltning, utvikling og gjennomføring av aktivitetar som gir stordrifts- og kompetansefordelar. Dette arbeidet er organisert i selskapet Banksamarbeidet SpareBank 1 DA, som utgjør den administrative overbygningen for alliansesamarbeidet. Selskapet sørger for finansiering av og eigarskap til applikasjonar, konsept, kontraktar og merkevare for deltakarane i alliansesamarbeidet. Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA er eigd av:
  - SpareBank 1 SR-Bank ASA (17,74 %)
  - SpareBank 1 SMN (17,74 %)
  - SpareBank 1 Nord-Norge (17,74 %)
  - Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA (17,74 %)
  - Sparebanken Hedmark (11,30 %)
  - SpareBank 1 Gruppen AS (10,00 %)
  - Bank 1 Oslo AS (7,74 %)

Bankane i SpareBank 1-alliansen distribuerer SpareBank 1 Gruppen sine produkt og samarbeider på sentrale område som merkevare, arbeidsprosessar, kompetansebygging, IT-drift, systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtalar med LO og LOs fagforbund, og leverer finansielle produkt og tenester til LO sine medlemmer gjennom fordelsprogrammet LOfavør.

Produktselskapa etablert under SpareBank 1 Gruppen AS og alliansebankane, har utvikla ei felles teknologiplattform. Erfaringsutveksling og overføring av kompetanse innfor alliansen, basert på beste praksis, er eit viktig element for å utvikle alliansen vidare. Som eit ledd i denne satsinga er det etablert kompetansesenter for høvesvis Kredittstyring i Stavanger, Betaling i Trondheim og Læring i Tromsø.

## 2. Viktige hendingar i 2014

### Januar:

- SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal flyttar inn i nye lokale i LK-senteret på Gol. Lyse og luftige lokale med gode møterom, som alle i konsernet kan nytte seg av.
- EiendomsMegler 1 Fjellmegleren er no på plass også i Valdres, og dei to fyrste tilsette starta opp.

### April:

- DRIV blir lansert som ei felles satsing for å synleggjera stiftelsane og konsernet sitt lokale samfunnsengasjement. DRIV skal kommuniserast på fleire flater, både tradisjonelle og digitale.

### Juni:

- Kundesenteret tek i bruk chat med kundar. Nok ein kanal som gjer det enklare for kundane å kommunisere med oss.
- Me opnar nybygget vårt på Fagernes, der meklar, regnskap og bank er samla under same tak og med felles kundemottak.

### August:

- Banken passerer 8 milliardar kroner i forvaltningskapital

### Oktober:

- Regnskapshuset byter regnskapssystem. Det nye systemet er Visma Business og legg til rette for enkel kommunikasjon med kundane.

### November:

- SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal og SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres fusjonerer. Namnet på det «nye» selskapet er SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS.

### Desember

- Konsernstyret vedtek ny strategisk plan for konsernet for perioden 2015-2017. Det er også laga ein eigen strategisk plan for bankverksemda for same periode.

## 3. Finansiell kalender 2015

### **11. februar**

Styremøte offisiell rekneskap for 2014.

### **2. mars**

Forstandarskapsmøte og fastsetting av årsoppgjer og utbytte.

### **12. mai.**

Resultat 1. kvartal

### **13. august**

Resultat 2. kvartal

### **13. november**

Resultat 3. kvartal



## 4. Nøkkeltal for SpareBank 1 Hallingdal Valdres

Konsern	2014	2013	2012*	2011	2010
<b>Resultatrekneskap (tusen kroner)</b>					
Netto renteinntekter	151.597	137.963	108.011	101.625	103.871
Netto provisjons- og andre inntekter	191.142	155.414	118.657	87.668	88.095
Driftskostnader	211.828	194.176	182.005	116.250	94.534
Resultat før tap	130.911	103.535	44.663	73.043	97.432
Tap på utlån og garantiar	14.375	10.976	16.002	11.090	13.314
Årsoverskot	104.068	72.160	23.177	45.993	73.590
<b>Balanse (tusen kroner)</b>					
Brutto utlån	6.653.033	6.451.412	5.840.924	5.029.856	4.866.300
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt	1.763.483	1.556.673	1.226.648	765.473	683.997
Brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	8.416.516	8.008.085	7.067.572	5.795.329	5.550.297
Individuelle nedskrivningar og nedskrivning på grupper av utlån	48.889	43.552	36.303	50.453	39.997
Innskot frå kundar	5.638.366	4.741.537	4.508.794	3.715.702	3.535.088
Forvaltningskapital	8.546.357	7.546.086	6.781.991	5.921.055	5.819.225
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	8.046.222	7.164.039	6.351.523	5.870.140	5.778.654
Gjennomsnittleg eigenkapital	1.067.764	998.849	907.121	832.171	788.053
<b>Nøkkeltal (%)</b>					
Rentenetto	1,88	1,93	1,70	1,73	1,80
Driftskostnader	2,63	2,71	2,87	1,98	1,64
Kostnadsprosent	61,8	65,2	80,3	61,4	49,2
Tapsprosent utlån	0,22	0,17	0,28	0,22	0,28
Misleghald (netto)	1,04	1,43	1,88	1,91	1,77
Innskotsdekning	84,7	73,5	77,2	73,9	72,6
Totalrentabilitet	1,29	1,01	0,18	0,39	0,64
Eigenkapitalavkastning etter skatt	9,75	7,22	1,28	2,76	4,68
Kapitaldekningsprosent	16,67	16,67	15,54	16,08	16,93
Kjernekapitalprosent	16,67	16,67	15,54	16,08	16,93
Rein kjernekapital i prosent	16,67	16,67	15,54	16,08	16,93
Vekst i innskot	18,9	5,2	21,3	5,1	0,8
Vekst i bruttoutlån	3,1	10,5	16,1	3,4	1,7
Vekst i brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	5,1	13,3	22,0	4,4	5,5

\* Balansetal med tilhøyrande nøkkeltal i 2012 er påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank.

### Definisjonar

#### Rentenetto

- Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Driftskostnader

- Personalkostnader, IT-kostnader, ordinære avskrivningar og andre driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Kostnadsprosent

- Driftskostnader i % av netto inntekter

#### Tapsprosent utlån

- Årets tapsavsetningar på utlån og garantiar i % av brutto utlån

#### Misleghaldsprosent

- Netto misleghalde engasjement (over 90 dagar) i prosent av brutto engasjement

#### Totalrentabilitet

- Resultat etter tap og skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Eigenkapitalavkastning etter skatt

- Resultat av ordinær drift etter skatt i % av gjennomsnittleg eigenkapital

#### Kapitaldekning

- Netto ansvarleg kapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

#### Kjernekapitaldekning

- Kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

#### Rein kjernekapitaldekning

- Rein kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15)

# ÅRSRAPPORT

## 5. Årsmelding 2014

SpareBank 1 Hallingdal Valdres var i 2014 den ca. 32. største av totalt ca 121 banker i Norge. Banken har ikkje noko hovudkontor, men har fullservicekontor på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal i Hallingdal og Beitostølen, Heggenes og Fagernes i Valdres.

Banken utstedte i 2012 eigenkapitalbevis der Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre er eigarar av desse etter fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank same året.

Banken fører rekneskapen etter norske rekneskapsreglar, NGAAP (Norwegian Generally Accepted Accounting Principles). Dette er reglar som er nedfelt i rekneskapslova frå 1988 og God regnskapsskikk i Norge.

### Verksemdsområde og marknad

I konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres inngår mor-banken og dotterselskapa innafør eigedomsmekling, rekneskapsføring, bygningsdrift og investeringar. I tillegg er banken deltakar i to felleskontrollerte verksemdar jf. note 2.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin primære geografiske marknad er avgrensa til dalføra Hallingdal og Valdres, men innslaget av bankkundar busett i Oslo/Akershus er også betydeleg. Konsernet er totalleverandør av produkt og tenester innafør følgjande forretningsområde:

- Betalingsformidling
- Finansiering
- Forsikring
- Sparing og plassering
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring

Konsernet har dei siste par åra styrka verksemdsområda banktenester og rekneskapsføring gjennom bankfusjonen med Øystre Slidre og kjøp av rekneskapselskapa Valdres Regnskap AS og HallingRegnskap AS som i 2014 vart fusjonert og bytta namn til SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Innafør rekneskapsføring har konsernet no blitt ein betydeleg og leiande aktør i regionen.

Innafør banktenester har konsernet ein bra marknadsandel i marknadsområdet, og i kommunane Ål, Hemsedal og Øystre Slidre er den svært stor. Innafør eigedomsmekling er selskapet størst i Hallingdal. Innafør rekneskapsføring er konsernet leiande i Hallingdal og av dei største i Valdres.

### Hovudtrekk i 2014

#### Økonomi – samanlikna mot fjoråret:

- svært godt årsresultat
- god vekst i netto renteinntekter og provisjonsinntekter
- bra resultat i meklarverksemda
- negative årsresultat i nokre dotterselskap
- lågare kostnadsvekst enn forventa
- moderate tapskostnader
- høg innskotsvekst
- svekka kapitaldekning i morbank pga. nye reglar

#### Nasjonale og globale marknads- og rammevilkår:

- klar betring i den amerikanske økonomien, stimulansar er avvikla
- svak økonomisk vekst i euroområdet, høg arbeidsløyse og låg inflasjon
- avtakande vekst i Kina
- fall i oljeinvesteringane i Noreg og oljepris påverkar norsk økonomi
- oljeprisfallet har svekka den norske krona, men gitt betre konkurransevilkår for norsk eksportindustri
- lågt rentenivå og sterk konkurranse på bustadlån har fått fart i bustadmarknaden og prisveksten på bustader
- den norske krona har svekka seg, positivt for eksportretta industri
- kredittveksten har litt lågare veksttakt enn tidlegare

## Generelle rammevilkår framover

### Store variasjonar i global vekst

Internasjonal økonomi er framleis prega av moderat vekst og stor usikkerheit om den vidare utviklinga. Forskjellane mellom ulike land og regionar er derimot betydelege. I USA har den svært ekspansive pengepolitikken frå den amerikanske sentralbanken (Federal Reserve) endeleg fått effekt på økonomien. Det er god vekst i privat konsum og investeringar og ei klar betring i arbeidsmarknaden. Federal Reserve avslutta sine kvantitative lette i oktober og har indikert at første renteauke vil koma i løpet av året. I Storbritannia har utviklinga også vore positiv etter at Bank of England tidlegare sette i verk liknande pengepolitiske tiltak. Det økonomiske oppsvinget har avteke noko i styrke det siste halvåret, men innanlandsk etterspørsel er fortsatt solid.

I motsetning til USA og Storbritannia, har utviklinga i euroområdet vore svak det siste året. Samla sett auka BNP i euroområdet med berre  $\frac{3}{4}$  prosent i fjor. I tillegg til svak vekst og høg arbeidsløyse, er det no ei aukande bekymring knytt til den låge inflasjonen. Mario Draghi, presidenten i den europeiske sentralbanken (ESB), fryktar at eurosona er på veg inn i deflasjonsfella der reell gjeldsbelastning aukar og hushalda utset sitt konsum med ei forventning om lågare priser. Om den låge inflasjonen held fram, vil det gje stadig meir tydelege signal om pengetrykking og kjøp av statsobligasjonar. Enkelte kritikarar peiker på at eit slikt program vil ha avgrensa effekt og at det vil føre til vidare utsetjing av nødvendige strukturelle reformer i enkelte land.

I Japan har veksten vore svakare enn tidlegare antatt, mykje på grunn av momshevinga som kom i april i fjor. Etter at veksten ser ut til å ende marginalt på den positive sida i 2014 har japanske myndigheiter valt å utsetje den planlagde momshevinga i oktober med 18 månader. Bank of Japan bidreg på si side med ein fortsatt ekspansiv pengepolitikk som inkluderer støttekjøp av statsobligasjonar.

Framveksande økonomiar har stor grad vore med på å skapa vekst i verdsøkonomien i etterkant av finanskrisa, men veksten har blitt redusert dei siste par åra. Dette gjeld særleg i Kina der det eksisterer stor usikkerheit rundt den framtidige utviklinga i økonomien. Den reduserte veksten er til ein viss grad ønskt av myndigheitene som prøver å rebalansere økonomien vekk frå investeringar og over til forbruk. Samtidig er økonomien prega av eit omfattande skyggebanksvesen som har ført til ein svært høg vekst i kreditt og bustadprisar. Veksten i bustadprisar begynte å flate ut mot slutten av fjoråret og er forventa å få ein sterk negativ påverknad på bustadinvesteringane i år.

### Det norske makrobiletet framover

Veksten i norsk fastlandsøkonomi er anslått å ha auka med 2,25 prosent i 2014, i følgje Norges Bank, noko som er lågare enn trendveksten på om lag 2,5 prosent. Bedrifter i dei fleste næringane i Norges Bank sitt regionale nettverk har rapportert om mindre kapasitetsproblem enn tidlegare og lågare forventa vekst framover. Dette gjeld spesielt for oljeleverandørnæringa. Lågare oljeinvesteringar, med dei ringverknader det har for fastlandsøkonomien, vil trekkje veksten ned i inneverande år og truleg føre til ei auke i arbeidsløysa. På den andre sida har oljeprisfallet ført til ei

svekking av krona og dermed betra konkurransevilkår for tradisjonell eksportindustri. Denne effekten vart forsterka ytterlegare av kuttet i styringsrenta mot slutten av året. Den underliggjande inflasjonen har lege rundt inflasjonsmålet og kan auke vidare ettersom ei svakare krone vil auke prisen på importerte varer. Hushalda sitt forbruk held seg på eit moderat nivå, medan sparerata held seg høg. Bustadprisane har tatt seg opp etter eit svakt 2013, utan at dette har påverka den svakt negative trenden i hushalda sin gjeldsvekst.

### Store utfordringar

Norsk økonomi har over tid vorte meir og meir oljeavhengig og dermed meir sårbar for eit omslag i petroleumssektoren. Sjølv om det har vore venta at det ville koma eit skift i denne sektoren, har den dramatiske nedgangen i oljeprisen kome som eit sjokk for mange. Frå eit toppunkt i juni på rundt USD 115 per fat har oljeprisen felle ned til under USD 50 per fat. I tillegg til ein låg oljepris indikerer anslag frå dei sentrale prognosemiljøa at oljeinvesteringane vil falle så mykje som 15 prosent i 2015. Sjølv om nivået fortsatt er veldig høgt (prognose for 2015 indikerer eit investeringsnivå på 189 mrd. kroner i 2015, over ti gonger så mykje som i industrien), vil oljeinvesteringar vere med på å gje ein negativ vekst i norsk økonomi i motsetning til tidlegare.

Oljeprisen korrelerer i stor grad med den norske krona og utover hausten har me difor sett ei betydeleg svekking mot dei store valutaene. Til dømes såg me ei kronesvekking i fjoråret på i overkant av 22 prosent mot amerikanske dollar og rundt 8 prosent mot euro, til tross for vedvarande trøbbel i eurosona. Kronesvekkinga medfører redusert kjøpekraft for norske hushald pga. auka prisar på importerte varer, men gir også betra konkurransevilkår for tradisjonell eksportindustri ettersom norske varer blir billigare for utanlandske importørar. Dette bidreg til å lette omstillinga til ein mindre oljeavhengig økonomi.

Den underliggjande inflasjonen (KPI-JAE) har lege rundt inflasjonsmålet på 2,5 prosent i 2014. Desembertalet vart ikkje noko unntak med ein årsvekst i KPI-JAE på 2,4 prosent, medan den "reine" konsumprisveksten (KPI) enda på 2,1 prosent. Importert inflasjon, som utgjør rundt 1/3 av KPI-JAE, steig med to tidelar til 1,3 prosent og er forventa å stige framover i lys av den svake krona.

### Hushalda sin forbruksvekst og sparing

Privat konsum står for om lag halvparten av aktiviteten i norsk fastlandsøkonomi. Som i 2013 utvikla forbruket seg moderat i 2014, med ein vekst i underkant av 2 prosent. Vekst i hushalda sitt konsum vil i stor grad avhenge av utviklinga i hushaldsinntektene, formue og renter. Finans Norge sitt Forventningsbarometer viste ei sterk tru på både landets og eigen økonomi i hushalda dei tre første kvartal i fjor, før indikatoren fall markert i 4. kvartal. Oljeprisfallet og meldingar om bemanningsreduksjonar særleg i olje- og gassindustrien, gjer mange usikre på utviklinga framover. Trass i det svært pessimistiske synet på utviklinga i Norge samla sett, held forventningane til eigen økonomi seg godt oppe. Dette skuldast nok ein kombinasjon av at folk flest føler at dei har sikre jobbar, at lånerentene er svært låge og at mange har bygd opp solide bufferar for å kunne stå i mot i dårlegare tider. Likevel vil nok meir usikre tider føre til vidare vekst i sparing

som for bankinnskot åleine har passert 1000 milliardar kroner, tilsvarande om lag 440 000 kroner per hushald.

### **Bustadprisane stig på nytt**

Den svake utviklinga i bustadprisane i 2013 vart reversert fullt ut i 2014 med positiv månadsvekst (sesongjustert) gjennom heile året. I desember var bustadprisane 8,1 prosent høgare enn i same månad året før. Marknaden for bustadlån til hushald har vore (og er) prega av sterk konkurranse og utlånsrentene er nedjustert ei rekkje gonger. Denne utviklinga ser også ut til å halde fram i 2015. Andre faktorar som urbanisering og låg bygging i pressområde talar også for ein vidare prisvekst. På den negative sida kan ein svakare norsk økonomi og auka usikkerheit føre til lågare befolkningsvekst (færre arbeidsinnvandrare) og ein dårlegare arbeidsmarknad, noko som vil kunne vere med på å trekkje prisane ned på litt sikt.

### **Lågare kredittvekst for hushald og dei ikkje-finansielle føretaka**

Kredittveksten har samla sett helde fram tendensen frå 2013 med redusert veksttakt også i 2014. Både hushald og ikkje-finansielle føretak har redusert veksten i gjeldsopptak. For førstnemnde har veksten gått frå å liggje i overkant av 7 prosent på årsbasis til å liggje mellom 6 og 7 prosent. Sistnemnde har redusert kredittveksten frå om lag 4 prosent til i underkant av 3 prosent.

Dei store regulatoriske endringane på bankområdet har mest sannsynleg ført til at utlån til føretak har fått ein lågare prioritet (og ein strammare kredittpraksis) samanlikna med bustadlån til hushald. Sidan investeringslysta hjå føretak på same tid har vore svært låg, har det gitt seg utslag i ein lågare kredittvekst. For nokre av dei større selskapa var det derimot gunstig å hente finansiering i obligasjonsmarknaden i fjor, men tilgang på finansiering forverra seg mot slutten av fjoråret. I lys av svekka makroøkonomiske og næringsspesifikke utsikter er det ikkje venta at bedriftene sin etterspørsel etter lån vil ta seg opp i første del av 2015.

Konkurransen om bustadlån har vore sterk gjennom året, og alle bankar har sett det nødvendig å kutte utlånsrentene for å oppretthalde sin posisjon i marknaden. Dette har truleg bidrege til auka bustadprisar, men ser ikkje ut til å ha hatt nemneverdig effekt på gjeldsveksten til hushald. Ifølge Norges Bank si utlånsundersøking er det venta at marginane på utlån til hushald skal vidare ned og at etterspørselen etter lån vil stige i første kvartal.

Som følge av at kredittveksten held seg på eit høgare nivå enn inntektsveksten, held gjeldsbelastninga for hushald fram med auken i 2014. Samla sett er hushalda si bruttogjeld no over dobbelt så stor som den disponible inntekta, ei utvikling som myndighetene ser på med bekymring. Analyser utført av Norges Bank viser derimot ein nedgang i andelen gjeld til hushald som er klassifisert som spesielt risikoutsett. Dette vil typisk vere hushald som har eit høgt gjeldsnivå i høve til disponibel inntekt, låg betjeningsevne og dårleg pantesikkerheit. Slik gjeld utgjør samla berre om lag 2 prosent av total gjeld. Hushalda er likevel sårbare for inntektsbortfall og renteauke, men analysen indikerer risikoen ikkje har auka slik den aggregerte gjeldsbelastninga tyder på.

### **Norges Bank kutta styringsrenta**

Med svak vekst og låge renter hjå våre viktigaste handelspartnarar, samt eit stort fall i oljeprisen og ein venta nedgang i oljeinvesteringar, valde Norges Bank sitt hovudstyre å kutte styringsrenta med 0,25 prosentpoeng til 1,25 prosent på årets siste rentemøte i 2014. Dette var den første endringa i renta sida mars 2012. Rentekuttet vart av fleire tolka som eit "føre var"-tiltak frå hovudstyret si side med bakgrunn i dei noko mørkare framtidsutsiktene for norsk økonomi. Den svake krona og omsynet til finansiell stabilitet drog i motsett retning. Usikkerheit rundt vidare vekst er framleis markant og Norges Bank har gitt uttrykk for ein 50 prosent sjanse for ytterlegare kutt på neste rentemøte i mars. Trass i at styringsrenta aldri har vore lågare enn dagens nivå har Norges Bank framleis eit betydeleg handlingsrom til forskjell frå våre svenske naboar og resten av euroområdet.

### **SpareBank 1 Hallingdal Valdres si bankverksemd i 2014**

Bankdrifta i 2014 må kunne seiast å ha vore eit nokså normalt driftsår. Det har ikkje vore store endringar i organisering, tilsette, produkt og system dette året.

#### **Forsikringsområdet**

Banken har hatt ein god vekst på privatmarknaden og har ved utgangen av året ei total forsikringsportefølje på 65,6 mill. fordelt på 47 mill. på skadeforsikring og 18,6 mill. på personforsikring. For bedriftsmarknaden er skadeforsikringsporteføljen på 17,2 mill.

Porteføljen på landbruk har også hatt ein fin vekst og er på nesten 9 mill. ved årsskiftet.

Banken har også i 2014 jobba aktivt med etablering og flytting av OTP-avtalar (obligatorisk tenestepensjon) for bedriftskundar og har ved årsskiftet ei portefølje på 14 mill.

Kundane er svært nøgd med å kunne samle bank og forsikring på ein stad.

Det er også i 2014 utvikla sjølvbetjente løysingar slik at kundane kan gjere endringar på forsikringsavtala sjølv, i tillegg til å få god oversikt på alle forsikringane sine.

#### **Betalingsformidling og digitale tenester**

Utviklinga har også i 2014 gått mot stadig auka bruk av mobile tenester innafor betalingsformidling. Ein ser at talet på innloggingar i mobilbank aukar sterkt, medan talet på innloggingar i nettbank berre har ein svak nedgang. Det vil seie at kontakten kundane har med banken skjer oftare no enn før, men i andre kanalar enn me har vore vane med. Gjennom året er det lansert fleire kjøpsløysingar på mobile flater. Så lenge initiativ i sjølvbetente løysingar blir oppfatta som relevante, tek kundane våre dei godt i mot. Eit prinsipp me er godt kjende med frå dei tradisjonelle bankkontora.

Av nyheiter i 2014 kan ein peike på Klokkebank som vart lansert på haustparten. På ei smartklokke kan ein sjå saldo og siste transaksjonar på konto. Dette er kanskje ikkje noko som breier om seg blant alle med det fyrste, men det er viktig læring for oss når det gjeld å lage teknologi som er relevant og nyttig i livet til bank- og forsikringskundane.


## Finansieringsområdet

Banken har i 2014 hatt ein utlånsvekst som ligg om lag på landsgjennomsnittet, med ein noko sterkare vekst på bedriftsmarknaden. Auken er ein kombinasjon av auka etterspørsel etter lån og at banken har fått tilført nye bedriftskundar.

Banken har i løpet av året tilpassa seg nye nettbaserte løysingar på kredittområdet slik som elektronisk signering av dokument (e-signering). Bruken av desse tenestene har auka sterk i 2014, og banken forventar ei enda sterkare dreining mot bruk av elektroniske løysingar i utlånsprosessen dei komande åra.

Banken har hatt fokus på å sikre tilfredstillande kvalitet i utlånsarbeidet, og har gjennomført interne og eksterne kontrollar for å måle kvalitet på kredittsaksarbeidet som blir gjort.

Det er også gjennomført omorganisering av utlånsprosessen. Depotavdelinga er i 2014 blitt utvida til ei kredittstøtteavdeling som har fått utvida oppgåver og kontrollar i utlånsprosessen.



## Plasseringsområdet

Dei fleste Odin-fond har hatt ei god utvikling gjennom 2014. Sjølv om fleire av fonda har gjort det noko dårlegare enn indeks, har alle fond med unntak av 2 gitt positiv avkastning. I løpet av 2014 har me inngått avtale med Schröder Fond og Alfred Berg om sal av fond som utfyller fondsporteføljen til Odin. Det er også inngått avtale med Allegro Kapitalforvaltning AS som tilbyr aktiv forvaltning for segmentet kundar med høg formue.

I april vart fondsproduktgjort endå meir tilgjengeleg gjennom tenesta kjøp og sal via mobilbank. Dette er svært godt motteke blant våre kundar. Frå juli vart dette utvida til også å gjelde kjøp og sal av aksjar gjennom mobilbanken.

Banken har i 2014 hatt 4 fastrentetilbod, og har ved årsskiftet ca. 90 mill. i innskott med fastrente.

Innskotsveksten vart svært høg i 2014, heile 18,9 %. Grunnen til dette er at prisen på innskott har vore for svært god i høve til marknaden elles. Det viser seg at marknaden for bankinnskott er svært prisfølsam.

Rentenivået har vore svært stabilt i lengre tid, men andre halvår har både rentenivået falle og priskonkurransen, spesielt på utlån, vore tiltakande. Dette har også slått inn på prising av innskott. Det har i 2014 vorte gjennomført 2 renteendringar, med verknad frå 31. juli og 15 desember. I tillegg er det gjennomført mindre justeringar på enkelte produkt.

## Resultatutvikling

### Resultatet for 2014 i morbank

Resultatrekneskapskapen for morbanken i 2014 viser andre heile driftsår for den fusjonerte banken SpareBank Hallingdal Valdres etter fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank i 2012. Rekneskapskapen for 2014 viser såleis eit normalt driftsår, men er noko påverka av eingongshendingar.

Årsoverskotet etter skatt for rekneskapsåret 2014 i morbanken vart 87,8 mill. kroner som er ein auke på 26,1 mill. kroner i høve til 2013. Dette gir ein eigenkapitalavkastning på 11,2 % mot 6,5 % i 2013. Eit svært godt resultat som følgje av god bankdrift, men og ekstraordinære forhold som har gitt banken eingongsinntekter.

Banken sine netto renteinntekter vart 155,2 mill. kroner som er ein auke frå 2013 på 14,1 mill. kroner. Målt i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) minkar rentenettoen frå 2,06 i 2013 til 1,96 % i 2014. Inntekter frå overført låneportefølje til SpareBank 1 Boligkreditt blir klassifisert som provisjonsinntekter, ikkje som renteinntekt. Innteninga frå denne porteføljen tilsvarar ei inntekt på 0,30 % av GFK. Slik sett blir samla inntekter knytt til utlån 2,26 % av GFK mot 2,32 % i 2013.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 89,3 mill. kroner eller 1,13 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Morbanken har i 2014 bokført utbytte på til saman 16,2 mill. kroner på ulike aksjepostar. Det største utbyttet kjem frå Samarbeidende Sparebanker AS på 10,4 mill. kroner. Dette er utbytte frå SpareBank 1 Gruppen som blir kanalisert gjennom selskapet som er eigd av dei mindre bankane i SpareBank 1. Det er også utbetalt utbytte frå selskapet SamSpar Bankinvest II AS med 9,7 mill. kroner i samband med tilbakebetaling av kapital frå selskapet. Utover dette utgjør utbytte frå andre anleggsaksjar 6,2 mill. kroner, utbytte frå omløpsaksjar 1,4 mill. kroner og utbytte frå pengemarknadsfond 2,9 mill. kroner.


Banken sine dotterselskap blir innarbeidd i rekneskapskapen etter eigenkapitalmetoden. Etter denne metoden blir banken sin del av eigenkapitalen berekna og resultatet inntektsført i samsvar med denne andelen. Alle banken sine dotterselskap er 100 % eigd av banken.

Dotterselskap utgjør ei netto kostnad på 14,4 mill. kroner i 2014. Årsaka til den store kostnaden er negativ resultat i fleire selskap samt goodwill-avskrivningar knytt til kjøp av dotterselskap dei siste åra. Det er i 2014 også gjennomført ei ekstraordinær nedskrivning av goodwill knytt til selskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS som følgje av svakare resultatutvikling i selskapet enn forventa.

Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester var i 2014 på 64,6 mill. kroner som er ein auke på 9,2 mill. kroner. Vel halvparten av denne auken, 5,1 mill., skriv seg frå

provisjonsinntekter for lån overført til boligkreditt. Årsaka er ei positiv utvikling i boligkreditselskapet sin fundingkostnad gjennom året. "Innkjøpskostnaden" på kapital har gått ned og det aukar provisjonsinntektene. Volumvekst på litt over 200 mill. kroner i overførte lån gjer også at banken får provisjon av eit større volum enn året før.

Netto resultat frå finansielle eigedelar i banken ga eit positivt resultat i 2014 på 5,9 mill. kroner mot 4,6 mill. kroner i 2013. Auken kjem frå realiserte gevinstar på omsetning av banken sine rentebærande verdipapir med 1,2 mill. i året, medan gevinst på omsetning av banken sine aksjar er om lag uendra. Samla kostnader aukar frå 120,4 mill. kroner i 2013 til 128,7 mill. kroner i 2014. Samla lønskostnader aukar med 6,5 mill., men mesteparten av veksten kjem av auke i pensjonskostnadane. Her er auken på ca. 70 % frå året før. Lønskostnader elles aukar i samsvar med gjennomsnittleg lønsvest. Andre kostnader aukar med ca. 2 mill. som tilsvarar ein kostnadsvekst på 3,5 %.



Figuren viser kostnadsprosenten dei siste 5 åra. For 2012 viser den kostnadsprosenten med og utan fusjonskostnader. Den høgaste søyla viser inkl. fusjonskostnader.

Banken sin kostnadsprosent utviklar seg positivt i 2014. Den er i løpet av året redusert frå 57,4 til 52,7 og er med det innfor målet som vart sett i strategisk plan for 2012-2014. Mykje av reduksjonen kjem av ein større inntektsvekst enn kostnadsvekst.


Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet. Bankens sin administrasjon går kvar måned gjennom privat- og bedriftsmarknaden med konkret vurdering av tapsutsette engasjement. Minimum to gonger i året blir det lagt fram sak til styret med innstilling på tapsføring og nedskrivning. Meir informasjon om desse vurderingane er omtala i nota om generelle rekneskapsprinsipp.

Banken hadde i 2014 eit netto tap på utlån og garantiar på 14,4 mill. kroner. Konstaterte tap på lån og garantiar utgjør 7,7 mill. kroner, medan auke i nedskrivningar på individuelle lån og grupper av utlån utgjør 6,9 mill. Det er også inntektsført 0,2 mill. i inngått på tidlegare nedskrivne lån.

Årsresultatet får eit lyft på grunn av kursgevinst i samband med salet av aksjane Nets Holding A/S. Selskapet som er ein av Nord-Europas største tilbydar av betalingskort og elektroniske betalingsløyser, vart i 2014 seld. Seljarane var 186 danske og norske bankar. For SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del gav salet ein kursgevinst på 10,5 mill. kroner.

Banken sin skattekostnad for 2014 er rekna til 24,1 mill. kroner. Morbanken har i 2014 gitt konsernbidrag som utnyttar framførbart underskot i dotterselskap. Meir omtale av dette på side 14.

Årsresultatet i morbanken på 87,8 mill. kroner etter skatt er ein del betre enn styret sine forventningar i starten av året 2014.



### Resultatet for 2014 i konsernet


Det er morbanken som utgjør dei største resultatpostane i konsernrekneskapan. Dotterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapan med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert.

Konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS blir inntektsført i konsernresultatet, og evt. utbetalt utbytte i året blir eliminert for ikkje å få dobbel verknad.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapan gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Bankens sin andel av dette utgjør 23,5 mill. kroner, men tidlegare omtala motteke utbytte på 10,4 mill. kroner blir eliminert slik at netto verknad i konsernrekneskapan er 13,1 mill. kroner i høve til morbankresultatet.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank hausten 2008. SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Bankens sin resultatandel frå dette selskapet utgjør 6,0 mill. kroner. Motteke utbytte i året er på 2,9 mill. kroner. Det samla bidraget frå alliansen inn konsernrekneskapan utgjør dermed 16,2 mill. kroner.

Resultat etter skatt (mill. kr), konsern




Driftsresultatet før skatt i konsernet vart 127 mill. kroner, mot 93,4 mill. kroner i 2013.

Resultat etter skatt enda på 104,1 mill. kroner mot 72,2 mill. i 2013. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 9,8 %.

### Balanseutvikling

Konsernet hadde ved utgangen av 2014 ein forvaltningskapital på 8.546 mill. kroner, som er ein auke på 1.000 mill. kroner eller 13,3 % frå utgangen av 2013. Veksten kjem i hovudsak frå ein svært stor innskotsvekst i året.

Forvaltningskapital (mill. kr), konsern



Brutto utlån auka 201,6 mill. kroner til 6.653 mill. kroner som tilsvarar ein balansevekst på 3,1 % i 2014.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS for 1.763 mill. kroner. Tek ein omsyn til desse overføringane er reell utlånsvekst i konsernrekneskapen 5,1 %.

Banken hadde ved årsskiftet fastrenteutlån med bindingstid opp til 10 år på til saman 274,7 mill. kroner i egne bøker.

Fastrenteutlåna er delvis sikra gjennom rentebytteavtalar medan noko inngår i banken sin samla renterisiko. Sjå note 3e for meir opplysningar.

Brutto utlånsengasjement som har vore misleghalde i meir enn 90 dagar utgjer 87,9 mill. kroner, mot 105,5 mill. i 2013. Misleghaldet utgjer 1,3 % av brutto utlån. Dei samla tapsnedskrivningane er auka frå 43,5 mill. i 2013 til 48,9 mill. kroner ved utgangen av 2014. Både individuell og gruppevis nedskrivningane aukar i året.


Styret vurderer nedskrivningane til å vere tilstrekkelege i høve til identifiserte tapshendingar som har funne stad fram til årets slutt.

Avsetningsgrad seier noko om i kor stor grad banken har gjort nedskrivningar for tap på lån som allereie er misleghalde eller som er tapsutsett. Ved utgangen av rapporteringsåret var avsetningsgraden for misleghalde engasjement 21,5 % mot 12,7 % i fjor.

Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærare omtala i note 3a.

Ved årsskiftet hadde konsernet eit innskotsvolum frå kundar på 5.638 mill. kroner. Innskotsveksten siste år var på 897 mill. kroner eller 18,9 %. Dette gir konsernet ei innskotsdekning ved utgangen av 2014 på 84,7 % noko som er ein auke frå 73,5 % i 2013. I morbanken er innskotsdekninga 83,4 % mot 72,5 % året før. Overført volum til boligkreditt er auka med 207 mill. i året. Dette er med på å halde utlånsvolumet i balansen nede og følgjeleg gje eit betre innskotsdekning enn utan bruk av kredittføretaket.

Innskotsdekning (%), konsern




Fundingskostnadane på innlån var etter finanskrisa på eit relativt høgt nivå. Sidan 1. kvartal i 2012 har kostnadane vore jamt fallande og er ved utgangen av 2014 på eit rekordlåg nivå. Dette kjem av ei lågt rentenivå samstundes med eit lågare kredittpåslag i finansmarknaden.

Flere dotterselskap har i 2014 hatt eit skattemessig underskot og morbanken foreslår difor å gje eit konsernbidrag til desse selskapa. Konsernbidrag utjamnar skattebelastninga i konsernet ved at gjevar kan krevje skattemessig frådrag for bidraget, medan mottakar aukar sine skattepliktige inntekter. For morbanken vil netto konsernbidrag auke bokført verdi av aksjane i morbanken sin balanse. Slik sett blir konsernbidrag likestilt med vanleg kapitaltilførsel.

Konsernbidrag	Brutto	Skatt	Netto
SpareBank 1			
Hallingdal Invest AS	663.000	179.010	483.990
SpareBank 1			
Regnskapshuset ValHall AS	6.892.000	1.860.840	5.031.160
<b>Sum</b>	<b>7.555.000</b>	<b>2.039.850</b>	<b>5.515.150</b>

Etter forslag til utbytte utgjør konsernet sin egenkapital ved utgangen av året 1.108,1 mill. kroner. Konsernet sin egenkapitalandel er på 13,0 %.



### Disponering av årsoverskot

Utbytte på egenkapitalbevis kan delast ut av sparebanken sitt årsoverskot og må vere i samsvar med forsiktig og god forretningskikk. Sparebankar kan difor ikkje garantere eit fast framtidig utbytte på egenkapitalbevisa. Storleiken på utbyttet vil avhenge av sparebanken sitt driftsresultat og utbyttepolitikk. Styret foreslår at overskotet til disposisjon for SpareBank 1 Hallingdal Valdres på kr 87.796.807,- blir disponert slik:

### Disponeringar

Utbytte på egenkapitalbevis (kr 2,72 per bevis)	21.900.000
Overført frå gavefond	-150
Overført til gåver	150
Overført til utjæmningsfond	58.135.403
Overført til anna egenkapital (grunnfond/kompensasjonsfond)	7.761.404
<b>Sum</b>	<b>87.796.807</b>

### Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate governance)

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal Valdres omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre kapitaleigarane, innskytarane, tilsette og andre grupper sine interesser. Dette er nedfelt i eit eige dokument om eigarstyring og selskapsleiing. Konsernet si verksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje "Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance)" av 23. oktober 2012, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan børsnotert eigarkapital, som blir omsett regelmessig.

I tråd med desse anbefalingane har styret oppnemnd eit risiko- og revisjonsutval og eit utval for godtgjersler i banken.

### Risikostyring

Kjerneverksemda til banknæringa er å oppnå verdiskaping gjennom å ta bevisst og akseptabel risiko. Konsernet arbeider med å vidareutvikle risikostyringssystem og prosessar i tråd med leiande praksis.

Risiko- og kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres støttar opp under konsernet si strategiske utvikling og måloppnåing, og sikrar samstundes finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2014 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde. Vidare har banken eigne controllerfunksjonar som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlingar i samarbeid med fagsjefane og Risk Manager.

Intern kontroll er eit prioritert område som er integrert i den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda i banken. Rapportering skjer kvartalsvis til styret. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringsarbeid.

Dei mest vesentlege risikoane er omtala nedanfor.

### Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kredittrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har standardiserte rutinar for kredittgjeving, ein etablert fullmaktsstruktur og risikoklassifiserer alle lån.

Kredittkvaliteten i konsernet må karakteriserast som god. Utviklinga i misleghald har dei siste åra vore positiv og er på eit akseptabelt nivå. Brutto misleghald er ved utgangen av året på 1,3 %. Banken legg vekt på kvalitet i kredittsakene, spesielt innafor bedriftsmarknaden. Kredittrisiko blir tillagt større vekt i prising av utlån og kredittar.

Utlånsveksten innfor bedriftsmarknaden har siste 2 åra vore høg, spesielt i 2013. Den sterke veksten er ein kombinasjon av auka lokal kredittterspørsel og at banken har fått nye bedriftskundar.

I personmarknadsporteføljen har kredittkvaliteten hatt ei positiv utvikling og er ved slutten av året svært god. Lågt rentenivå og låg arbeidsløyse har ført til stigande bustadprisar. Banken har ein stor utlånsportefølje til private busett i Oslo/Akershus-området, og på denne delen av utlånsporteføljen vil eit prisfall på bustader (og dermed mindre verdi på pantesikkerheita) kunne auke kredittrisikoen banken er eksponert for.




Det er venta ein lokal kredittvekst i tida framover som er om lag på nivå med den generelle kredittveksten i Noreg. Innafor bedriftsmarknaden er veksten venta å bli litt høgare.

Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.

### Likviditetsrisiko


Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i eigedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret årleg. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom innskot, langsiktige og kortsiktige innlån, spreiding til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Konsernet sine utlån blir i hovudsak finansiert med kunde-innskot, verdipapirgjeld og sal av bustadlånporteføljer til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Sjølvfinansieringsgraden er stigande over tid i takt med at fleire lån blir overført til boligkredittselskapet. Sterk innskotsvekst i 2014 har ført til ein auke i innskotsdekninga til 83,4 i morbank.



Fundingmarknaden har vore bra gjennom året noko som viser seg gjennom ein reduksjon i kredittpåslaget på marknadsrenta ved innlån med 0,26 og 0,23 prosentpoeng for høvesvis 3 og 5-årslån, og er ved utgangen av 2014 nede på eit nivå tilsvarande januar 2010. Innlånsvolumet er om lag uendra i året på vel 1,6 mrd. kroner der mesteparten er obligasjonslån. Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 6 obligasjonslån og eit banklån. Ved utgangen av året var unytta oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Overføring av godt sikra bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS er med på å dempe finansieringsbehovet og dermed likviditetsrisikoen til banken. I løpet av året er overført volum auka frå 1.557 mill. til 1.763 mill. kroner og utgjør no 20,7 % av alle utlån. Banken har også til ei kvar tid ei viss mengde bustadlån som ligg klar til overføring i tilfelle eit raskt finansieringsbehov og til å dekke opp eit prisfall på bustader.



Nye likviditetskrav for bankane har vore og er under innfasing. Dei EU-baserte reglane krev endring i samansetning av banken sine likvide eigedelar. For å tilfredstille krava vil banken måtte halde eit høgare nivå på ledig likviditet og denne må vere plassert på ein sikker måte til ei lågare avkastning. Banken er i gang med å tilpasse seg desse endringane.

### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskot og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrenteposisjonar ved hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkest ved å sjå på kor følsam balansen er for renteendringar. Banken har fastsett rammer for renterisiko på kort og lang sikt, dvs. over og under eit år.

Mesteparten av banken sine utlån og innskot har flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med penge-marknadsrenta og utgjør ingen renterisiko. Noko av balansen er knytt til fastrenteavtalar og utgjør ein renterisiko. Likevel utgjør dette ein så liten del av balansen at renterisikoen blir liten. Banken har t.d. utlånportefølje med fastrente bokført til 274,7 mill. kroner. Av dette er 245,8 mill. kroner sikra med rentebytteavtalar (SWAP) der banken "sel" fastrenta vidare og "kjøper" flytande rente.

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 344,8 mill. kroner i bokført verdi som blir forvalta av ekstern forvaltar. Porteføljen inneheld 7,9 % aksjar notert på Oslo Børs, 8,4 % internasjonale aksjefond og 83,72 % norske og utanlandske obligasjonar. Denne porteføljen har gitt ei avkastning på 5,4 % i 2014. Ved utgangen av året er marknadsverdien på porteføljen 19,6 mill. kroner over kostpris og bokført verdi.

Samla risikoeksponering på området er låg.

## Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Prosessen for styring av operasjonell risiko skal i størst mogeleg grad sikre at ingen enkelthendingar forårsaka av operasjonell risiko skal kunne skade konsernet si finansielle stilling i alvorleg grad.

Konsernet har stort fokus på kvalitet og kontinuerleg forbetring. Over tid er det bygd opp eit system for sikring av kvaliteten der fagsjefar har ansvar innafor kvart sitt fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerende banksjef. Controllerfunksjonen som er tidlegare nemnd, blir også nytta til å gjennomføre kvalitetskontrollar i dotterselskapa.

I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/ vidareutdanning, sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar og autorisasjon som finansiell rådgjevar (AFR).

## Eigarrisiko

Eigarrisiko er risikoen for at SpareBank 1 Hallingdal Valdres blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap og/eller må tilføre ny eigenkapital til desse selskapa. Konsernet har i hovudsak eigarrisiko gjennom dei indirekte eigardelane i SpareBank 1 Gruppen AS, BN Bank ASA, og Bank 1 Oslo Akershus, og dei direkte eigardelane i SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS samt andre SpareBank 1-selskap. Alle desse eigardelane er små og under 2 % i alle selskap. Sjå elles note 2 for oversikt over banken sine anleggsaksjar.

Meir informasjon om banken sin risiko og styring av denne finn ein på banken sine heimesider [www.sb1.no](http://www.sb1.no) i Pilar 3-rapporten (sjå Om oss – Resultat – Anna finansiell informasjon).

## Kapitalstyring

Kapitalstyring skal sikre at konsernet har ein ønska storleik på eigenkapitalen vurdert i høve til selskapets storleik, risiko og kapitalkrav. Den skal vidare sikre ein optimal og effektiv bruk av eigenkapitalen, sett i høve til konsernet sine verksemdsområde, risikoprofil og ønska storleik på eigenkapital / ansvarlig kapital. Styret har vedteke ei målsetting for konsernet om minimum 17 % kjernekapitaldekning i komande strategiperiode som går fram til og med 2017.

Kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal sikre ein effektiv bruk av kapitalen sett i forhold til:

- å sikre kreditor for tap (kreditorvern)
- at fastsett minstekrav til kapitaldekning basert på risikoprofil og risikotoleranse blir oppfylt og at det er ein tilstrekkeleg eigenkapitalbuffer sett i forhold til konjunkturforhold og risiko elles blir oppretthalde. ("going concern"-perspektiv)

- konkurransedyktige vilkår i innlånsmarknaden (rating perspektiv)
- å tilfredsstille selskapet sitt krav til eigenkapitalavkastning (konkurransedyktig eigenkapitalavkastning)
- at verksemdene kan utnytte vekstmogelegheiter i marknaden (organisk eller via oppkjøp)

Kapitalkravet er eit tredelt system med såkalla pilarar. Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og representerer det regulatoriske minstekravet til kapital. Pilar 2 går på at banken skal gjennomføre ei årleg vurdering av kapitalbehovet ut frå den samla risikoen som banken er eksponert for (ICAAP-prosess). Pilar 3 stiller krav til offentleggjering av finansiell informasjon (Pilar 3-rapporten).

I den årlege ICAAP-prosessen ser ein framover og gjer ulike framskrivingar av kapitalbehovet. Framskrivingane tek omsyn til både forventta utvikling dei neste åra, samt ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag over fleire år (nedgangsscenario). I dette arbeidet blir stresstestar brukt for å analysere ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg utarbeidd beredskapsplanar på likviditets- og kapitaldekningsområdet for i størst mogeleg grad å kunne handtere slike kriser om dei skulle oppstå.

Ved utgangen av 2014 hadde konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres ein netto ansvarleg kapital på 991,5 mill. kroner. Banken brukar standardmetoden til å rekne ut kapitaldekninga. Dette gir ei kapitaldekning på 16,7 %, det same som i fjor. På morbanknivå var kapitaldekninga 15,9 % (17,7 %). Banken har ikkje tilleggskapital slik at banken si kapitaldekning er lik kjernekapitaldekninga.

Banken si kapitaldekning er i dag under målsettinga, men over eige minimumskrav og det regulatoriske kravet. Aukande kapitalkrav vil redusere kapitalbufferane framover. Skal ein nå kapitalmålet i 2017, er det viktig å følgje utviklinga tett. I dette arbeidet har banken utvikla ein kapitalplan som blir ajourført kvartalsvis. Planen skal vere eit verktoy for å kunne setje i verk tiltak i god tid. Gode resultat vil uansett vere viktig for å bygge opp tilstrekkeleg kapital til å kunne finansiere lokal vekst.

Meir informasjon om banken si kapitaldekning og kapitalstyring finn ein på banken sine heimesider [www.sb1.no](http://www.sb1.no) i Pilar 3-rapporten (sjå Om oss - Resultat - Anna finansiell informasjon).

## Samfunnsansvar

Det er mange tilhøve som kjem inn under denne paraplyen. Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres med sine ulike verksemdsområde er ein viktig aktør i lokalsamfunnet der verksemdene ligg. Banken er i stor grad med å finansierer lokal utvikling i form av lån til bustader og næringsverksemd. Banken si evne og vilje til å ta del i nye prosjekt er ein sentral pilar i utviklinga av lokalsamfunnet. Konsernet med alle verksemdsområder er til saman ein betydeleg arbeidsplass for innbyggjarane. Konsernet er også ein stor skatteytar som tilfører mykje til samfunnet i form av skatteinntekter frå tilsette og selskapet. Eigedomsmeklarverksemda er ein viktig lokal aktør for omsetnaden av bustader og fritidsbustader i fjellet. Rekneskapsverksemda utfører viktige tenester for lokalt næringsliv.

Banken tek også på seg eit viktig samfunnsansvar i høve til å inngå sponsoravtaler med lokale lag og foreiningar og på denne måten gir eit viktig bidrag til lokalt kultur- og idrettsarbeid. Banken har tidlegare stått for gåveutdeling til ulike føremål, men etter at eigenkapitalen i banken vart gjort om til eigenkapitalbevis i 2012, er det no eigarane, Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre som står for dette arbeidet. Stiftelsane får utbytte frå banken som dei kan nytte vidare til gåveutdelingar. I 2014 delte SpareBankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre ut meir enn 3 millionar kroner til allmenntilgjengelige formål i Hallingdal og Valdres. Meir informasjon om sparebankstiftelsane er tilgjengeleg på nettsidene deira ([www.sparebankstiftelsenhallingdal.no](http://www.sparebankstiftelsenhallingdal.no) og [www.sparebankstiftelsenoystreslidre.no](http://www.sparebankstiftelsenoystreslidre.no)).

Banken har tatt initiativet til næringsstiftelsen "Kimen til vekst" som kan gje lån til og investere i selskap i Hallingdal og Valdres. Meir informasjon er å finne på [www.kimentilvekst.no](http://www.kimentilvekst.no)

### Menneskerettar

I samsvar med krav i likestillingslova og rekneskapslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det vil vere lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønna, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Banken har i 2014 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova sin formålsparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følgje av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga i banken er særleg merksam på dette i samband med rekruttering. I eksisterande tilsettingsforhold er merksemda retta mot løns- og arbeidsvilkår, samt høve til forfremming og personleg utvikling for medarbeidarane.

### Arbeidstakarrettar og sosiale tilhøve

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal vere ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar. Konsernet legg til rette for at balansen mellom arbeid, heim og fritid blir opplevd som god for alle medarbeidarar. Konsernet ønskjer å hjelpe sine tilsette til å oppretthalde ei god helse gjennom å stimulere til fysisk aktivitet.

Sjukefråveret i banken har normalt sett vore stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen. For 2014 har det samla sjukefråværet vore på 4,6 % av total arbeidstid (mot 3,3 % i 2013). Av dette var 3,1 % legemeldt langtidssjukdom (mot 1,4 % i 2013). Datterselskapa rapporterer i all hovudsak relativ lågt sjukefråværet i året.

Legemeldt sjukefråvere	2014	2013
Morbank	4,6 %	3,3 %
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	5,6 %	
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS		2,5 %
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS		5,8 %
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	0,4 %	0,5 %

Konsernet har ikkje vore utsett for alvorlege ulykker eller ran i 2014.

Banken har eit omfattande og robust rammeverk på organisasjonsområdet som skal sørge for at arbeidstakarane sine rettar blir oppfylt:

- personalhandbok, HMS-handbok, sikkerheitshandbok, IA-avtale
- interne avtalafesta utval – tilsettingsutval og forhandlingsutval
- arbeidsmiljøutval
- møte mellom leiing og tillitsvalde
- verneombod
- etiske retningslinjer, rutine for bekymringsmeldingar, rutine for konflikthandtering
- leiarutviklingsprogram
- rådgjevarskule og læringshus
- årleg medarbeidarundersøking
- jamnlege oppfølgingsamtalar med leiar
- samlingar for nyttilsette
- livsfasepolitikk

I tillegg gjer banken mange tiltak for at både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet skal vere bra.

Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2014 for alle verksemder med unntak av EiendomsMegler 1 Fjellmegleren, og er følgd opp på alle nivå. For morbanken viste undersøkinga eit særst godt resultat til tross for ein nedgang frå 2014. Banken sitt HMS-system er vedlikehalde i 2014.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemmer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv), og har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjulpet banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderingar og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvere m.m.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige sikkerheitsutval, for å sikre nødvendig fokus og koordinering av sikkerheitsarbeidet i banken.

Morbanken held i 2014 fram med si satsing på kompetanseheving. Over mange år har banken vore sterkt delaktig i å få på plass og vidareutvikle utdanningsprogrammet innanfor alliansen, Læringshuset PM (privatmarknaden) og Læringshuset BM (bedriftsmarknaden). Ved utgangen av 2014 var 28 rådgjevarar sertifisert som SpareBank 1 Rådgjevar PM.

I 2008 vart det i bransjen godkjent ei ny autorisasjonsordning for finansielle rådgjevarar, som er inkludert i læringshuset PM. Per 31.12.2014 har banken heile 42 autoriserte finansielle rådgjevarar (AFR).

I 2009 vart bransjen og einige om eit felles krav om utdanning for skadeforsikrings-rådgjevarar, Godkjenningssordning Skadeforsikring. Også denne ordninga er no inkludert i læringshuset PM. Per 31.12.2014 har banken heile 41 godkjente skadeforsikringsrådgjevarar (GOS/GKS).

Implementeringa av autorisasjonsordninga for finansiell rådgjeving, samt godkjenningssordning skadeforsikring, har gitt banken eit kompetanseløft med større kunnskapsmessig profesjonalitet og dyktigheit i rådgjevinga overfor kundane. Banken har evna å implementere alle desse kompetanseløfta på ein god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra for nye rådgjevarar, samt for dei erfarne rådgjevarane i form av årlege krav om kompetanseoppdatering.

Læringshuset BM, som er eit kompetanseprogram for bedriftsrådgjevarane i alliansen, er under stadig vidareutvikling. Dette vil gje eit kontinuerleg kompetanseløft for bedriftsrådgjevarane dei komande åra. I tillegg har me også autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar og godkjenningssordninga skadeforsikring som mange av våre bedriftsrådgjevarar også er omfatta av.

I løpet av 2014 har fleire tilsette delteke på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet.

### **Det ytre miljø**

Konsernet har etablert ein miljøstrategi i strategisk plan for 2015-2017:

- Klimautfordringa set fokus på kva enkeltpersonar og bedrifter kan gjere for å bidra med løysingar knytt til dette – i første rekkje ved å halde miljømessig orden i eige hus.
- Konsernet skal møte klimautfordringa gjennom effektiv ressursbruk og bruke gode miljømessige løysingar i kvardagen. Dette blir synleggjort i eit eige miljøregnskap.
- Elles skal konsernet sin miljøambisjon vere på eit nivå tilsvarande det som blir stilt til bransjen.

Konsernet er lokalisert i eit distrikt med relativt store reiseavstandar. I tillegg har banken ei desentralisert organisering som gjer at det naturleg genererer ein del reiseverksemd mellom avdelingskontora. Ut frå dette har banken gjort ein del tiltak som skal gje positive effektar for miljøet i den daglege drifta. Eit mål er å redusere reiseverksemda. Difor har alle bankar i Sparebank 1-alliansen installert videokonferanseutstyr som også effektiviserer tidsbruken gjennom mindre reisetid. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg installert videokonferanseutstyr på alle bankkontor. Dette blir nytta til både interne og eksterne møte for å redusere reiseverksemda ytterlegare.

Konsernet skal heile tida ha fokus på å minimere den negative miljøpåverknaden gjennom reduksjon av energiforbruk og papir, betre avfallssortering, auka resirkulering og gjenbruk av elektronisk avfall.

For å få betre oversikt over kva påverknad konsernet har på det ytre miljø har konsernet fått utarbeidd ein miljørapport for å kunne identifisere utslepp, talfeste forureininga og gjere konsernet i stand til å setje i verk målretta tiltak.

Føremålet er å gje eit grunnlag for å vurdere konsernet i ein miljømessig samanheng, og for å jobbe systematisk med å minske påverknaden på det ytre miljøet.

Analysen er basert på den internasjonale standarden «A Corporate Accounting and Reporting Standard», som er utvikla av «the Greenhouse Gas Protocol Initiative» - GHG protokollen. ISO standard 14064-I er basert på denne.

Rapporteringa dekkjer forbruk knytt til transport, energi, avfall og flyreiser. Det er eit viktig prinsipp at me skal søke å redusere vår påverknad på miljøet, og gjere målretta tiltak overfor det forbruket med størst miljøbelastning.

For 2014 har konsernet sine viktigaste tiltak vore:

- Redusere reiseaktiviteten.
- Banken har ein høg andel miljømessige bygg med gode styringssystem. Tiltak er sett for å betre energistyringa og dermed redusere straumforbruket.
- Investert i utvendig kildesorteringsanlegg i Hemsedal.
- Montert straumuttak for el-bilar ved fleire kontor.

### **Energi- og klimaregnskap 2014:**

Klimaregnskapet er inndelt i tre nivå (scope) som består av direkte og indirekte utsleppskjelder:

Scope 1: Obligatorisk rapportering inkluderer alle utsleppskjelder knytt til driftsmidlar der organisasjonen har operasjonell kontroll. Dette inkluderer all bruk av fossilt brensel for stasjonær bruk eller transportbehov (sjøveigde, leigde eller leasa køyretøy, oljekjellar osv.). Vidare blir eventuelle direkte prosessutslepp (av dei seks klimagassene) inkludert.

Scope 2: Obligatorisk rapportering av indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi; elektrisitet eller fjernvarme/-kjøling. Dette gjeld t.d. for leigde bygg. Utsleppsfaktorane som blir nytta for elektrisitet er basert på nasjonale produksjonsmiksar, historisk femårs rullerande gjennomsnitt (IEA Stat). Den nordiske miksfaktoren dekkjer produksjonen i Sverige, Finland, Norge og Danmark og reflekterer det felles nordiske marknadsområdet (Nord Pool Spot). I høve til utsleppsfaktorar på fjernvarme blir enten faktisk produksjonsmiksar basert på innhenta informasjon frå den enkelte produsent, eller gjennomsnittsmiksar basert på IEA statistikk nytta.

Scope 3: Frivillig rapportering av indirekte utslipp knytt til innkjøpte varer eller tenester. Dette er utslipp som indirekte kan knytast til organisasjonen sine aktivitetar, men som går føre seg utanfor selskapet sin kontroll (derav indirekte). Typisk scope 3-rapportering vil inkludere flyreiser, logistikk/transport av varer, avfall, forbruk av ulike råstoff osv.

Energi- og klimaregnskap 2014:

Kategori	Forklaring	Forbruk	Enhet	Energi (MWh)	Utslipp (tCO2e)	Utslipp (fordeling)
<i>Transport</i>						
Diesel (B5)	Firmabiler	6 048.0	liter	60.0	15.3	6.3%
Diesel (B5)	Km-godtgjørelse	10 937.5	liter	108.5	27.7	11.4%
Bensin	Firmabiler	11.1	liter	0.1	-	-
Bensin	Km-godtgjørelse	11 696.8	liter	106.8	27.0	11.1%
<b>Scope 1 total</b>				<b>275.4</b>	<b>70.1</b>	<b>28.8%</b>
Elektrisitet Nordisk miks		1 708 734.0	kWh	1 708.7	155.5	63.9%
<b>Scope 2 total</b>				<b>1 708.7</b>	<b>155.5</b>	<b>63.9%</b>
<i>Flyreiser</i>						
Fly kontinentalt		2.0	Ant.reiser	-	0.2	0.1%
Fly interkontinentalt		-	Ant.reiser	-	-	-
Fly nordisk		44.0	Ant.reiser	-	1.8	0.7%
<i>Avfall</i>						
Restavfall,forbrenning		15.4	m3	-	1.5	0.6%
Restavfall,forbrenning		28 645.0	kg	-	14.4	5.9%
<b>Scope 3 total</b>				<b>-</b>	<b>17.9</b>	<b>7.4%</b>
<b>Total</b>				<b>1 984.1</b>	<b>243.5</b>	<b>100.0%</b>



Årsrapport – Klimagassutslipp (tCO2e) for 2012–2014

Kategori	Forklaring	2012	2013	2014	% endring fra forrige år
<i>Transport</i>					
Diesel (B5)	Km-godtgjørelse	25.3	23.7	27.7	16.9%
Diesel (B5)	Firmabiler	5.9	8.7	15.3	76.9%
Bensin	Km-godtgjørelse	32.7	30.8	27.0	-12.2%
Bensin	Firmabiler	8.6	10.0	-	-99.7%
<b>Scope 1 Utslipp</b>		<b>72.4</b>	<b>73.2</b>	<b>70.1</b>	<b>-4.2%</b>
Elektrisitet Nordisk miks		187.7	185.7	155.5	-16.3%
<b>Scope 2 Utslipp</b>		<b>187.7</b>	<b>185.7</b>	<b>155.5</b>	<b>-16.3%</b>
<i>Flyreiser</i>					
Fly kontinentalt		2.1	2.1	0.2	-90.6%
Fly interkontinentalt		1.5	-	-	-
Fly nordisk		4.5	4.2	1.8	-57.0%
<i>Avfall</i>					
Restavfall,forbrenning		18.1	15.9	15.9	0.4%
<b>Scope 3 Utslipp</b>		<b>26.2</b>	<b>22.1</b>	<b>17.9</b>	<b>-19.0%</b>
<b>Total</b>		<b>286.3</b>	<b>281.0</b>	<b>243.5</b>	<b>-13.3%</b>
<b>Prosentvis endring</b>			<b>-1.9%</b>	<b>-13.3%</b>	

Sparebank 1 Hallingdal Valdres hadde 2014 totale klimautslipp på 243,5 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (CO<sub>2</sub>e). Dette er ein nedgang på 37,5 tCO<sub>2</sub>e frå 2013, eller 13,3 %. Utslepp frå elektrisitetsforbruket er redusert med 16,3 %. Dette kjem ikkje av mindre forbruk, men frå utrekning av utslpps faktoren i Norden. Det viser at den elektriske energien i 2014 vart produsert med eit større innslag av fornybar energi og dermed lågare utslpps faktor.

#### Nøkkeltal – Energi og klimaindikatorar:

Navn	Enhet	2012	2013	2014	% endring fra forrige år
Totale utslipp(S1+S2+S3) (tCO <sub>2</sub> e)		286.3	281.0	243.5	-13.3%
Totalt energiforbruk Scope 1+2 (MWh)		1 960.1	1 945.9	1 984.1	2.0%
Totale tCO <sub>2</sub> e/årsverk		1.8	1.8	1.6	-12.7%
Total tCO <sub>2</sub> e/omsetning		1.4	1.0	0.8	-19.8%
Årsverk		160.4	156.0	154.8	-0.8%



Konsernet har i 2014 ein reduksjon i utslipp per årsverk frå 1,8 tCO<sub>2</sub>e til 1,6 tCO<sub>2</sub>e i hovudsak som følgje av færre reiser med fly. For framtidige år forventar konsernet at målretta tiltak vil kunne redusere utslipp per årsverk ytterlegare.

Me kjenner ikkje til at konsernet har hatt nokon miljøpåverknad ut over forbruket som kan omreknast til CO<sub>2</sub>, og har difor ingen rapportering på utslipp til jord, vatn, eller støy.

## Arbeid mot korrupsjon

I eit konsern der alle verksemdar driv etter konsesjon frå Finanstilsynet er det naturleg at arbeid mot korrupsjon blir flagga høgt. Dette blir i hovudsak gjort i form av etiske retningslinjer for selskapa. I tillegg møter ein lovkrav som representerer tiltak mot korrupsjon. T.d. må styremedlemene, dagleg leiar og fagansvarleg i selskap som skal drive eigedomsmekling, leggje fram politiattest for å kunne ha stillinga/vervet. Innafor regnskapsverksemda må alle som vil oppnå autorisasjon leggje fram politiattest og i banken må alle tilsette kunne framvise politiattest før ein går inn i ei stilling. Me andre ord er det gode sikkerheitsventilar her.

Alle selskap i konsernet med fast tilsette har utarbeidd etiske retningslinjer som skal følgjast. I bl.a. morbanken sine etiske retningslinjer er det eit eige punkt som går på økonomiske fordelar og gåver mm. Dette punktet seier at ingen tilsette eller tillitsvalde kan ta i mot økonomiske fordelar eller gåver frå kundar eller frå andre av banken sine forretningsforbindelsar. Unntaket er vanlege merksemdsgåver i samband med jul eller andre spesielle høve.

Ved forhandlingar skal den tilsette/tillitsvalde vise særleg aktsemd i høve til dette.

Retningslinjene regulerer også korleis ein tilsett eller tillitsvald går fram om han eller ho mottok ei slik gåve av ikkje ubetydeleg verdi.

Dei etiske retningslinjene er slått opp på alle matrom i banken. I tillegg blir dei tatt opp på allmøter i regi av banken sitt sikkerheitsutval.

Ut frå dei retningslinjene, lovreglar og fokuset arbeid mot korrupsjon har, er det grunn til å tru at konsernet driv eit viktig arbeid mot korrupsjon. Fokuset vil vere der framover også, slik at dette arbeidet vil halde fram.

### Nokre fakta

Ved utgangen av året hadde konsernet 176 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 155 (mot 156 i 2013).

Tilsette i konsernet per 31.12.14 fordelte seg med 68 % kvinner og 32 % menn. I morbanken var fordelinga 60 % kvinner og 40 % menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 35 % og i morbanken 32 %. I styret er samansetninga 5 menn og 2 kvinner.

Kjønnsfordeling	Morbank	Konsern
Kvinner	60 %	68 %
Menn	40 %	32 %
Tilsette	96	176
Årsverk	89	155

Gjennomsnittsalderen for tilsette i dotterselskapa er 46 år i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS, 38 år i EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og i morbanken 47 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 46 år, og 48 år for menn. På leiarnivå er gjennomsnittsalderen 49 år for kvinnene og 50 år for menn.

Gjennomsnittsalderen i 2014	Morbank	SB1 Regnskapsh. ValHall AS	EM1 Fjellmegleren
Alle tilsette	47 år	46 år	38 år
Kvinner	46 år	45 år	37 år
Menn	48 år	51 år	40 år
Kvinnelege leiarar	49 år	43 år	–
Mannlege leiarar	50 år	46 år	40 år

I løpet av 2014 har banken fått 7 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat.

Turnover i morbanken har som tidlegare år vore låg i 2014. Totalt 6 personar i fast stilling har slutta. Av desse har 3 personar slutta som følgje av naturleg avgang og 1 person har byrja i anna stilling i konsernet. Reell turnover er dermed på 2 personar, som tilsvarar 2,1 % mot 1,1 % året før. I 2014 var gjennomsnittsansieniteten i morbanken på 14 år.

## Banken sine dotterselskap

Alle dotterselskap er heileigde av morselskapet.

Driftsinntekter	31.12.14	31.12.13	Endring
EiendomsMegler 1			
Fjellmegleren AS	31.669	22.471	9,198
HallingRegnskap AS*	0	0	0
SpareBank 1			
Hallingdal Eigedom AS	8.684	9.469	-785
SpareBank 1			
Hallingdal Invest AS	201	851	650
SB1 Regnskapshuset			
ValHall AS	34.830	27.650	7.180
SB1 Regnskapshuset			
Valdres AS*		18.558	-18.558
SpareBank 1 ValHall			
Eigedomsutvikling AS	3,374	694	2.680
Valdres Regnskap AS	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>78.758</b>	<b>79.693</b>	<b>-935</b>

\* Selskapet fusjonerte med SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS med verknad frå 1.1.2014.

Dei samla inntektene går litt ned i 2014, men EiendomsMegler 1 FjellMegleren AS kan vise til ein inntektsvekst på heile 41 %. Selskapet leverer også eit svært godt årsresultat.

Resultat før skatt	31.12.14	31.12.13	Endring
EiendomsMegler 1			
Fjellmegleren AS	2.714	1.298	1.416
HallingRegnskap AS*	-5	-7	2
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	439	1.524	-1.085
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-771	-707	-64
SB1 Regnskapshuset ValHall AS	-5.387	-492	-4.895
SB1 Regnskapshuset Valdres AS		412	-412
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-1.231	-361	-870
Valdres Regnskap AS*	-5	0	-5
<b>Sum</b>	<b>-4.246</b>	<b>1.667</b>	<b>5.913</b>

\* Selskapet fusjonerte med SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS med verknad frå 1.1.2014.

Driftsresultatet i dei andre selskapa er redusert i 2014 og dei fleste leverer negative resultat. Morbanken har gitt konsernbidrag til to av dotterselskapa med negativt skattemessig resultat jf. oversikt på side 14.

#### **EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS**

Selskapet vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85 % av aksjane i selskapet. Dei resterande 15 % vart kjøpt i 2011. I 2011 vart EiendomsMegleren Ringerike Hadeland sine avdelingar på Gol og i Hemsedal fisjonert ut og fusjonert inn i selskapet. Banken kjøpte same året selskapet Hemsedal EiendomsMegling AS i Hemsedal. Denne verksemda er også fusjonert inn i selskapet. Etter denne fusjonen vart selskapsnamnet endra til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Selskapet driv eigedomsmeikling på Geilo, Ål, Gol og Hemsedal. I tillegg vart det opna avdeling i Valdres i 2014 med kontor på Fagernes, Heggnes og Beitostølen slik at selskapet dekkjer no det same geografiske området som banken. Selskapet har 14 tilsette. Aktiviteten i marknaden har vore svært god i 2014 og selskapet kan vise til eit rekordhøgt sal. Resultatet etter skatt for 2014 viser eit overskot på kr 1.957.000. I 2013 var overskotet på kr 913.000.

#### **SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS**

Selskapet driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i mai 2005. I 2011 vart selskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS fusjonert inn i selskapet SpareBank 1 Gol Eigedom som samstundes skifta namn til SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS. Selskapet leiger ut lokale og driftslausøyre til banken på Gol, Ål og i Hemsedal. I tillegg leiger selskapet ut lokale til dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS på Ål, Gol og i Hemsedal, og til SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS i Hemsedal. I tillegg leiger

selskapet ut lokale til enkelte andre eksterne leigetakarar i Hemsedal og på Ål. Selskapet har 2 tilsette i deltidsstillingar og leiger i tillegg funksjonen som dagleg leiar frå fellestene i morbanken. Resultatet etter skatt i 2014 vart eit overskot på kr 363.000. I 2013 var overskotet på kr 1.249.000. Selskapet sine lokale i Ålingen Kjøpesenter på Ål vart seld i januar 2015.

#### **SpareBank 1 Hallingdal Invest AS**

Selskapet har som føremål å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006. I 2009 kjøpte selskapet eit tomteområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. Utbygging av feltet starta i 2012 og i løpet av 2013 og 2014 er 4 bygg med til saman 8 leilegheiter ferdigstilte. Per i dag er feltet detaljregulert for 20 nye einingar. Heile feltet omfattar ytterlegare 100 einingar. Selskapet har ingen tilsette. Resultatet etter skatt i 2014 vart eit underskot på kr 555.000 mot eit underskot på kr 504.000 i 2013.

#### **SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS**

Selskapet vart stifta i 1998. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte alle aksjane i selskapet i mai 2012. Same året vart banken sitt dotterselskap Hemsedal Regnskap AS fusjonert inn i selskapet. I 2014 fusjonerte selskapet med SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. Ved utgangen av året har selskapet 66 tilsette ved avdelingane på Flå, Nes, Gol og Hemsedal, Fagernes, Heggnes og Beitostølen. Selskapet har vore gjennom store omstillingar i 2014 med fusjon, omorganisering og bytte av regnskapssystem. Resultatet etter skatt vart eit underskot på kr 3.932.000 mot eit underskot på kr 357.000 i 2013.

#### **SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS**

Selskapet vart stifta i 1992. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte alle aksjane i selskapet i januar 2012. Selskapet vart 2014 fusjonert med SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS og eksisterer ikkje etter fusjonen.

#### **SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS**

Selskapet vart stifta i 2009 og var tidlegare eit dotterselskap under SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. I 2013 har morbanken overteke alle aksjane i selskapet. Selskapet eig forretningsbygg på Heggnes og Beitostølen der konsernet driv si verksemd, samt "veksthuset" i Hemsedal (del av tidlegare COOP-bygget). Selskapet har i 2014 inngått ei langsiktig leigekontrakt på lokala på Fagernes (Skifervegen 4) og gjennomført ei større utbygging av lokala som no husar både bank, eigedomsmeiklar og regnskap. Selskapet har 2 tilsette i deltidsstillingar. Resultat etter skatt i 2014 vart eit underskot på kr 1.231.000. I 2013 var underskotet 360.000.

#### **HallingRegnskap AS og Valdres Regnskap AS**

Desse selskapa vart stifta i juni 2013 samstundes med at dei tidlegare selskapa med desse namna endra namn til høvesvis SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS og SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. Dette er "sovande" selskap som er stifta for å beskytte selskapsnamna.



## Fortsatt drift

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfester styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

## Framtidsutsikter

2015 blir eit år der utfallet er meir usikkert enn på mange år. Alle dei tre store drivarane i norsk økonomi er i endring – oljepris, valuta og rente. Dette vil også påverke SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Ei fortsatt negativ utvikling i valuta gjennom svekking av den norske krona vil auke tapsrisikoen på våre valutalån. Eit lågare rentenivå vil presse rentemarginen nedover. Med ei forventning om ein moderat utlånsvekst vil dette mest sannsynleg gje lågare netto renteinntekter samanlikna med 2014.

På den positive sida forventar me ein vekst i den viktigaste næringa i vårt marknadsområde – fleire overnattingsdøgn

knytt til turisme. Etterspørselen etter fritidsbustader auka kraftig i 2014, og me forventar ein positiv vekst også i 2015. Tilbodet av fritidsbustader er avgrensa og det kan stimulere til igangsetting av fleire nye prosjekt. Me trur på ein vekst i bedriftsmarknaden som vil medføre auka etterspørsel etter alle tenestene me leverer.

I sum forventar me eit lågare resultat i 2015 samanlikna med det svært gode resultatet i 2014. Konsernet er svært solid og med ei kjernekapitaldekning godt over krav som myndigheitene stiller inkludert bufferar. Konsernet er rigga får å gjennomføre planane for 2015 og kunne handtere alle risikofaktorane i verksemda.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2014. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2015. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelsar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapen med notar

*Hallingdal, 31. desember 2014 / 11. februar 2015*

*Kjell Vidar Bergo (sign.)    Åge Sandsengen (sign.)    Sissel Bjørøen (sign.)*  
*styreformann                      nestformann*

*Odd Holde (sign.)    Tore Østlund (sign.)    Kristin Ourom (sign.)*

*Vidar Isungset (sign.)    Knut Oscar Fleten (sign.)*  
*adm. banksjef*

## 6. Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2014 Morbank	2014 Konsern	2013 Morbank	2013 Konsern
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		6 916	7 116	3 894	3 933
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		306 448	302 687	285 073	281 898
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	9 137	9 137	8 595	8 595
Andre renteinntekter og liknande inntekter		1 981	1 999	1 537	1 553
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>324 482</b>	<b>320 939</b>	<b>299 099</b>	<b>295 979</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		2 510	2 628	4 703	4 814
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		112 184	112 132	106 549	106 465
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		44 962	44 962	38 370	38 370
Andre rentekostnader og liknande kostnader		9 598	9 620	8 365	8 367
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>169 254</b>	<b>169 342</b>	<b>157 987</b>	<b>158 016</b>
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER</b>		<b>155 228</b>	<b>151 597</b>	<b>141 112</b>	<b>137 963</b>
<b>Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning</b>					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	17 269	17 269	5 031	5 031
Inntekter av eigarinteresser i tilknytt selskap	2	13 339	29 446	9 168	19 562
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	-14 399	-	-5 131	-
<b>Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning</b>		<b>16 209</b>	<b>46 715</b>	<b>9 068</b>	<b>24 593</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>					
Garantiprovisjon	5	1 537	1 537	1 396	1 396
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	68 772	68 772	61 079	61 079
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>70 309</b>	<b>70 309</b>	<b>62 475</b>	<b>62 475</b>
<b>Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>					
<b>Andre gebyr og provisjonskostnader</b>		<b>5 678</b>	<b>5 678</b>	<b>7 020</b>	<b>7 020</b>
<b>Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>					
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		1 775	1 775	569	569
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		3 158	3 158	3 039	3 057
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	960	960	972	972
<b>Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>		<b>5 893</b>	<b>5 893</b>	<b>4 580</b>	<b>4 598</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	106	1 590	156	1 463
Andre driftsinntekter		2 470	72 313	2 647	69 305
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>2 576</b>	<b>73 903</b>	<b>2 803</b>	<b>70 768</b>
<b>SUM ANDRE INNTEKTER</b>		<b>89 309</b>	<b>191 142</b>	<b>71 906</b>	<b>155 414</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>244 537</b>	<b>342 739</b>	<b>213 018</b>	<b>293 377</b>

	Note	2014 Morbank	2014 Konsern	2013 Morbank	2013 Konsern
<b>Løn og generelle administrasjonskostnader</b>					
Løn	8a	51 867	94 566	49 544	90 576
Pensjonar	9	9 030	10 717	5 385	7 027
Sosiale kostnader		8 541	18 143	7 996	14 015
Administrasjonskostnader		31 907	31 716	32 363	31 841
<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>101 345</b>	<b>155 142</b>	<b>95 288</b>	<b>143 459</b>
<b>Avskrivningar m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.</b>					
Ordinære avskrivningar	4	3 629	16 154	3 509	15 223
Nedskrivning goodwill		–	5 000	–	–
<b>Sum avskrivningar m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.</b>		<b>3 629</b>	<b>21 154</b>	<b>3 509</b>	<b>15 223</b>
<b>Andre driftskostnader</b>					
Driftskostnader faste egedomar		163	2 778	1 246	3 274
Andre driftskostnader	7	23 600	32 754	20 316	27 886
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>23 763</b>	<b>35 532</b>	<b>21 562</b>	<b>31 160</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>128 737</b>	<b>211 828</b>	<b>120 359</b>	<b>189 842</b>
<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>		<b>115 800</b>	<b>130 911</b>	<b>92 659</b>	<b>103 535</b>
<b>Tap på utlån og garantiar</b>					
Tap på utlån	3	14 375	14 375	10 448	10 448
Tap på garantiar		–	–	528	528
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>14 375</b>	<b>14 375</b>	<b>10 976</b>	<b>10 976</b>
<b>Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar</b>					
Gevinst/tap		10 503	10 503	881	881
<b>Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.</b>		<b>10 503</b>	<b>10 503</b>	<b>881</b>	<b>881</b>
<b>RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>111 928</b>	<b>127 039</b>	<b>82 564</b>	<b>93 440</b>
Skatt på ordinært resultat	14	24 131	22 971	20 860	21 280
<b>RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT</b>		<b>87 797</b>	<b>104 068</b>	<b>61 704</b>	<b>72 160</b>
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>		<b>87 797</b>	<b>104 068</b>	<b>61 704</b>	<b>72 160</b>
<b>Overføringer og disponeringar:</b>					
<b>Overføringer</b>					
Overført frå gåvefond		-150		-1 003	
<b>Sum overføringer</b>		<b>-150</b>		<b>-1 003</b>	
<b>Disponeringar</b>					
Utbytte på aksjar / grunnfondsbevis		21 900		15 400	
Overført til grunnfondskapital		7 762		5 367	
